

SAK 04/18 LIVSKVALITET HALLINGDAL

Saksopplysning

Som hovudmål i Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020 er det sagt:

Hallingdal skal bli ein meir attraktiv, positiv og produktiv region, der alle har mogelegheit til å leva eit godt liv, som innbyggjar og besøkande.

Vekst handlar grunnleggjande om eit ynskje om å skapa betre liv for innbyggjarane. Ut frå ei slik tilnærming skal det leggjast vekt på livskvalitet (eit godt liv), som ein del av fundamentet i Strategisk plan for Hallingdal. Våre verdiar; leiken, ekta, fri og frisk kan uttrykkje dette.

Livskvalitet handlar om det som gir livet verdi og meining. For nokre er det mest mogleg fridom, for andre glede, eller utvikling av evner og interesser. Fordi livskvalitetsomgrepet reiser spørsmålet om kva som er verdifullt i seg sjølv, råkar det politikkens kjerne: å legge til rette for at samfunnsborgarane kan leva gode liv. I fleire land er dette eit dagsaktuelt tema, der Norge ikkje har vore i fremste rekkje, men det er no sett i gang eit arbeid for å få betre informasjon om korleis menneske i Norge har det - med hovudvekt på innbyggjarane sine eigne vurderingar og opplevingar.

Innbyggjarane sin livskvalitet er ein av våre viktigaste ressursar som i Strategisk plan for Hallingdal kan seiast å ha tre dimensjonar:

- Grunnlaget for eit godt liv
- Ein vekstskapar
- Omdøme - rekruttering og besøkande

I handlingsprogrammet til strategisk plan er eit tiltak «Leva i Hallingdal», som gjennom ei interkommunal satsing skal synleggjera kva gevinstar som kan oppnåast for regionen ved å vektlegge trivsel og livskvalitet for innbyggjarar og besøkande. Det skal i samarbeid med nasjonale institusjonar gjennomførast ei befolkningsundersøking og lagast ein plan for regelmessig monitorering av trivsel og livskvalitet i Hallingdal.

Gjennom dette arbeidet skal Hallingdal styrke sitt omdømme, som ein region som set folk fyrst (fyrste i Norge med bevisst haldning og plan til livskvalitet).

Regionrådet for Hallingdal er i samtaler med m.a. Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet for å vurdere Hallingdal som ein pilot i nasjonal samanheng, seinast avklarande møte på Gol 13.april 2018. Buskerud fylkeskommune er med i arbeidet og det er etablert ei eigen partnerskapsavtale med Distriktssenteret, i forhold til arbeidet.

Det syner seg og at «timingene» i forhold til overordna arbeid og føringar passar svært bra. Det er no utarbeida tilrådingar for eit betre målesystem for livskvalitet som vil bli offentleggjort juni 2018.

Stortinget skal handsame [Representantforslag om et bedre målsystem for livskvalitet, helse og det gode liv i Norge ut fra behovet for helhetlig informasjon](#), torsdag 26.april.

Helse- og omsorgskomiteen sitt vedtak:

- I. Stortinget ber regjeringen følge opp hovedanbefalingene i Helsedirektoratets rapport «Gode liv i Norge», slik at helhetlig informasjon om livskvalitet kommer inn i grunnlaget for helsepolitikken.*
- II. Stortinget ber regjeringen integrere målene for livskvalitet i styringen av helsevesenet i større grad enn i dag.*
- III. Stortinget ber regjeringen avklare om Folkehelseinstituttet er den best egnede etaten for koordineringen av målesystemet for livskvalitet.*
- IV. Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan man kan utvide eksisterende nasjonale undersøkelser om livskvalitet, herunder hvordan man kan legge til rette for nødvendig støtte til fylkeskommunale/kommunale undersøkelser for best mulig datatilfang.*
- V. Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til tiltak for hvordan de vil gjøre tilfanget av data om livskvalitet tilgjengelig på en best mulig måte.*

På Hallingtinget vil det bli gjeve nærare informasjon om prosess og pågåande arbeid. Og det er ynskjeleg med ein dialog med Hallingtinget, for å få gode innspel og forslag til prosjektet.

Ål 13.4.2018
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Notat, Livskvalitet som grunnlag for regional utvikling

NOTAT, LIVSKVALITET SOM GRUNNLAG FOR REGIONAL UTVIKLING

UTGANGSPUNKT HALLINGDAL

I [Strategisk plan for Hallingdal 2017 - 2020](#) er livskvalitet eit grunnlag for heile planen.

Ein kan stille spørsmålet, kva er det som er grunnleggjande føresetnadar for ei positiv utvikling av ein region som Hallingdal. Svaret kan vera:

- Positiv befolkningsutvikling, sunn demografi
- Lønnsame arbeidsplassar
- Kompetent arbeidskraft

Brutto nasjonalprodukt og andre økonomiske indikatorar gir viktig informasjon, men kan det setjast likskapsteikn mellom høg materiell velstand og eit godt liv?


Vekst blir ofte målt med økonomiske statistikkar, der fokus er meire på økonomi enn på menneske. Verdien av utdanning, helse, tryggleik og gode relasjonar til andre kan t.d. ikkje lesast utifrå BNP, men har svært mykje å seie for livskvaliteten. I høve til befolkninga samla vert dette ofte uttrykt gjennom omgrepet folkehelse.

Høg livskvalitet har stor verdi i seg sjølv – både for den einskilde person og for samfunnet.

Men livskvalitet har også samfunnsverdi som kjelde til vekst. Det er menneske sin kunnskap, engasjement og overskot som er med på å skapa vekst og utvikling i samfunnet, som heilskap og i den einskilde verksemd.

Vekst handlar grunnleggjande om eit ynskje om å skapa betre liv for innbyggjarane.

Ut frå ei slik tilnærming skal det leggjast vekt på livskvalitet (eit godt liv), som ein del av fundamentet i Strategisk plan for Hallingdal. Våre verdiar; leiken, ekta, fri og frisk kan uttrykkje dette.



LIVSKVALITET



*Den opplevde kjensla av å
leva eit godt liv
- som kan målast ved kor
tilfreds du er, graden av
livsglede og oppleving av
meining*

«Leva i Hallingdal» skal gjennom ei interkommunal satsing synleggjera kva gevinstar som kan oppnåast for regionen ved å vektlegge trivsel og livskvalitet for innbyggjarar og besøkande.

Vår tilnærming er at «Det Er Folka Som Teller» (illustrert ved våre nyutnemnte Hallingambassadørar



Det er summen innbyggjarane sin kompetanse, ressursar og engasjement som fører Hallingdal framover. Folka er derfor ein ressurs som skal haldast fast ved, pleiast og utviklast. Dette er grunnlaget for Strategisk plan for Hallingdal

Me seier og:

LIVSKVALITET, tre dimensjonar




- Grunnlaget for eit godt liv
- Ein vekstskapar
- Omdøme - rekruttering og besøkande



KVA SKJER UTANFOR LANDETS GRENSER

Siste året har Regionrådet for Hallingdal vore på utkikk etter land/områder som har sett livskvalitet på dagsorden med noko av det utgangspunktet Hallingdal har.



DET GODE LIV

Hvad søger du efter? **SØG**

Region Syddanmark

Nyhedsbrev - Tilmelding Om os Kontakt

Vækst- og udviklingsstrategi Publikationer Aktiviteter **data2go**

Forside • Vækst- og udviklingsstrategi

DET GODE LIV

attraktiv aktiv produktiv

Det gode liv som vækstskaber
 - / Regional vækst- og udviklingsstrategi

2016-2019

Vækst- og udviklingsstrategi

- En vision - Tre mål
- Viden i bevægelse
- Mennesker med potentiale
- Grønne muligheder
- Erhverv i udvikling

ÅBEN



Me har funne ut at det skjer svært mykje spennande ute i den store verden, men heldigvis har også Norge kome på banen.

KVA SKJER I NORGE



*Hva vet vi om hvordan folk i Norge har det? Brutto nasjonalprodukt og andre økonomiske indikatorer gir viktig informasjon, **men kan vi sette likhetstegn mellom høy materiell velstand og et godt liv?***

*Dette er spørsmål som stilles i mange land. **Stadig flere tar til orde for at livskvalitet er et viktig supplerende perspektiv til eksisterende levekårsindikatorer.** Opplevd livskvalitet, for eksempel målt som tilfredshet, livsglede og opplevelse av mening, kan gi nyttig informasjon til en samfunnsplanlegging som har som formål å legge til rette for gode liv.*

Rapport «Anbefaling av retningslinjer for måling av livskvalitet i Norge» er no ute på høyring i dei nordiske landa og er venta publisert medio februar. Og det er lagt opp til slik framdrift:

I 2017:

Prosjekt ledet av Folkehelseinstituttet med SSB, HiOA, Uio++

- Oversikt over måleverktøy
- Forslag til anbefalte spørsmålsbatterier for subjektiv og objektiv livskvalitet

Planer for 2018:

- Pilottesting av spørsmålsbatteriene i regi av SSB
- Innlemmelse av spørsmål i allerede eksisterende undersøkelser?
- Lokal måling av livskvalitet?

En første, nasjonal livskvalitetsundersøkelse i 2019?

Mål:

- Økt fokus på hva som fremmer god psykisk helse og livskvalitet
- At livskvalitetsmål brukes aktivt i samfunnsplanlegging og politikktutforming

 Helsedirektoratet



KVA VIL HALLINGDAL

Alle kommunar og regionar har ambisjonar for si utvikling. Det er mål for økonomi, miljø og levekår. Men me har ikkje noko verktøy for måling av livskvalitet.

Som sagt i vår tilnærming har livskvalitet tre dimensjonar:

- Grunnlaget for eit godt liv
- Ein vekstskapar
- Omdøme - rekruttering og besøkande

Ut frå eit slikt perspektiv ynskjer Hallingdal å vera med å utvikle eit system for ei breiare måling av regional utvikling, som kan nyttast av kommunar og regionar i Norge, og der Hallingdal kan vera ein pilot.

Målingane kan m.a. nyttast som politisk verktøy for å utvikle eit område, på ein betre måte enn tradisjonelle målingar av vekst. Ut frå tiltak vil endringar/effekt kunne målast.

Argumenta som underbygger Hallingdal som pilot:

- Hallingdal er ein region som gjennom årtier har arbeid målretta for regional utvikling.
- Hallingdal har ein nyleg vedteken strategisk plan (2017), der folk og livskvalitet er grunnleggjande fundament
- Fokus både på innbyggjarar og gjester
- Hallingdal har ei politisk og administrativ forankring for satsinga

- Buskerud fylkeskommune er med på laget
- Hallingdal vil ta i bruk livskvalitet som eit målbart parameter for regional utvikling
- Hallingdal vil lett kunne nyttast som «laboratorium»
- Regionrådet for Hallingdal/Hallinghelse er rigga for gjennomføring

Regionrådet for Hallingdal er no i dialog med Helsedirektoratet med tanke på eit samarbeid, der Hallingdal kan vera ein pilot.

Hallingdal 25.1.2018

Knut Arne Gurigard
Regionrådet for Hallingdal